Vestland fylkeskommune

# Vestland fylkeskommune - sentral aktør for distriktsutvikling.

Bård Sandal, Direktør Innovasjon og næringsutvikling, Vestland fylkeskommune

Hardangerkonferansen Ullensvang 2019







Lofthus
1,3 km
EV 18224

# Havfylket Vestland – vi skapar verdiar frå havet!






0315

TF3974



Charlet


Hotel Ullensvang

# Fornybarfylket

## Vi forsyner Europa med fornybar og mijølvenleg kraft





# Vestland forsyner Norge med bær, frukt og Cider






# Sterke klynger og Kunnskapsmiljø som samarbeider

Innovasjon Norge

siva

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE


Eit fortrinn i kvar av våre 633 000 innbyggarar
Vi er vane med å ta eit tak nå det trengs
Haugesund
Sogndal
Førde
Stord
Bergen
+Meg

# Vestland fylke – eit viktig politisk prosjekt



# Politisk plattform for samarbeid mellom partia Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, Kristeleg Folkeparti, SV- Sosialistisk Venstreparti, Arbeidarpartiet og Venstre, i Vestland fylkesting. Perioden 2019-2023.

*Ein grøn, desentralisert, samarbeidande, utviklande, open fylkeskommune med jambyrdige vestlendingar.*

Vestland fylkeskommune

**Vestland**

**Ein grøn, desentralisert, samarbeidande, utviklande, open fylkeskommune med jambyrdige vestlendingar.**

Vestland er framtidas region. Me har ressursane, kompetansen og menneska som skal til for å skapa verdiar og innhaldsrike liv. Me må sikra livsgrunnlaget til framtida sine generasjonar gjennom krav til nullutslepp innan 2030. Fylket skal gjennom samfunnsplanlegging, regionalplanlegging og øvrig politikkutforming bidra til god folkehelse og at FN sine klima- og berekraftsmål blir nådd.

Naturressursane skal nyttast på ein berekraftig måte til matproduksjon, arbeidsplassar, energi og opplevingar.

Regionen vår skal vera ein trygg og god plass for folk å bu, og det skal vera gode offentlege tenestetilbod i alle delar av fylket, trygge arbeidsplassar, tenlege og sikre vegar, eit velutbygd kollektivtilbod, og breiband til alle.

Me vil arbeida opp mot staten om fleire oppgåver til fylket . Me forventar at Staten fører ein politikk som er bra for Vestland, slik som også me skal jobba for det nye fylket.

**Næring og arbeid i Vestland**

Vestland fylke skal ta i bruk heile regionen sitt komparative fortrinn for å utvikle ei bærekraftig og langsiktig verdiskaping. Me skal spele på lag med heile næringslivet for å utvikle fleire arbeidsplassar i Vestland. Me må tenke grøn næringsutvikling i alle ledd av politikken – både innan forsking, utvikling, samarbeidsforum og offentlege innkjøp. Me må forvalte våre naturressursar vel. Me kan ikkje forbruke meir enn me har til rådvelde. Me skal syne at overgangen frå fossil til grøn og fornybar energi, nullutsleppstransport og grønt næringsliv skapar nye arbeidsplassar og levande regionar.

Samarbeidspartia vil:

- At Vestland skal vere først ute med å skape ny teknologi som resten av verda kan ta i bruk når dei er klare for det, og støtta opp om eksport av elektrifiseringsteknologi.
- Legge til rette for kortreist mat og kortreist for til dyra for å fremme grønt landbruk og utnytte beitepotensialet me har i regionen.
- Fylket skal ta ei aktiv rolle i utviklinga av jordbruket. Innovasjon Norge skal nytta verkemiddela til å byggje vidare på særtrekka ved vestlandsjordbruket som mjølk, kjøt, frukt, bær og grønsaker.
- Vestland skal vidareutvikle vestlandslandbruket med jord og skog, arbeide for auka verdiskaping, i tett samarbeid med landbruket sjølv.
- At veksten i reiselivet må sikra lokal verdiskaping, heilårsarbeidsplassar, god ressursutnytting av dei offentlege tilboda, og minst mogleg klimaavtrykk.
- Sikre næringslivet risikokapital.
- Bidra til at kraftforedlande industri får tilgang på kraft til rimeleg pris og arbeide for nasjonal utjamning av nettleiga.

# Utval for næring, naturressursar og innovasjon



Tor Andre Ljosland KrF
Leiar



Sigrid BrattebøHandegard Sp
Nestleiar



Anne Gine Hestetun Ap



Alexander Øren Heen Sp



Torbjørn Vereide Ap



Norvalv Distad H



Terje Søviknes FrP



Helge Stormoen FrP



Jane Midelfart Hoff H



Gunnhild Berge Stang



Kine Dale Ap



Mark Tasylor Mdg



Marianne Sæle Sv



Karl Vågstøl H



Morten Klemmentsen FNB

**Hovudutval for Næring, naturressursar, innovasjon, 15 med**

| **Faste medlemmer** | **Varamedlemmer (kvart parti stiller eiga liste)** |
|---|---|
| Tor Andre Ljosland, KrF | 1. Frode Kleppe Holgersen, Krf<br>2. Line Meyer, Krf<br>3. Jarle Jakobsen, Krf |
| Sigrid Brattabø Handegard, SP<br>Aleksander Øren Heen, SP | 1. Erlend Haugen Herstad, SP<br>2. Marit Aakre Tennø, SP<br>3. Margunn Yndestad Samnøy, SP<br>4. Kjetil Høgseth Felde, SP |
| Torbjørn Vereide, A<br>Kine Dale, A<br>Anne Gine Hestetun, A | 1. Eirik Haga, A<br>2. Johannes M. Bysheim, A<br>3. Siv Bakken, A<br>4. Katarina Rosø, A<br>5. Inga Margrethe Fagerbakke, A |
| Mark Taylor, MDG | 1. Marie Hauge, MDG<br>2. Marius Dalin, MDG<br>3. Mona Høgli, MDG |
| Marianne Sæhle, SV | 1. Steinar Øydvin, SV<br>2. Anne Brit Sørensen, SV<br>3. Torbjørn Taranger, SV |
| Gunhild Berge Stang, V | 1. Tom Hiis Bergh, V<br>2. Astrid Knutsen Hårstad, V<br>3. Jan Henrik Nygård, V |
| Jana Midelfart Hoff, H<br>Noralv Distad, H<br>Karl Vågstøl, H | 1. Tore Fossen, H<br>2. Roald Stigum Olsen, H<br>3. Silvia Haugland, H<br>4. Anne Lilleaasen, H<br>5. Petter Haraldsen Haugland, H |
| Morten Klementsen, FNB | 1. Terje Sletten-Hansen, FNB<br>2. Leif Fjellro, FNB<br>3. Svein Hagesæter, FNB |
| Helge Stormoen, Frp<br>Terje Søviknes, Frp | 1. Hogne Bleie, Frp<br>2. Christian Haugen, Frp<br>3. Ruth Grethe Østebøvik Eriksen, Frp<br>4. Anita Garlid Johannessen, Frp |

Leiar: **Tor Andre Ljosland, KrF**
Nestleiar: **Sigrid Brattabø Handegard, SP**

# Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal ha eit overordna ansvar for berekraftig omstilling i næringslivet, grøn vekst og nyskaping i nærings- og arbeidsliv. Utvalet skal arbeide for skaping av arbeidsplassar og sysselsetting i heile Vestland fylke og for verdiskaping og sysselsetting både i byar, regionar og lokalsamfunn. Utvalet skal fremje utvikling av naturressursane, både i havet og på land, deriblant landbruk og reiseliv som drivarar i utvikling av sterke distrikt.

Utvalet skal vere ein pådrivar for innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling, ut frå kunnskap og forsking. Kunnskap, rett kompetanse og teknologiutvikling må sjåast i samanheng med behovet for utvikling av eksisterande næringsverksemder, samt trong for omstilling til nye næringsvegar.

# Vi har ambisjonar om å utvikle bygder og lokalsamfunn i nye Vestland

- Utvikling av bygder og lokalsamfunn femnar om mange innsatsområde som i sum skal styrke attraktiviteten - døme
  - Arbeid med næringsutvikling i distrikta
  - Tiltak innan lokalsamfunnsutvikling
  - Satsing på infrastruktur
    - T.d. breiband
- Dette fordrar ein samordna innsats
  - Der den fylkeskommunale innsatsen vert samordna med
    - Sentrale samarbeidspartnarar sin innsats
      - Som kommunar, Innovasjon Norge og Fylkesmannen
  - Og der vi spelar på lag med frivillege lag og organisasjonar som er viktige i lokalsamfunna

# Vi formar ein samla innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn

- Innsats innan lokalsamfunnsutvikling
  - Vi utvidar lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst til heile Vestland
  - Vi vurderer ein innsats innan «smarte bygder»
    - Der god bruk av ny teknologi står sentralt
      - Og dette fordrar godt breibandtilbod
- Vi skal ha ein samordna og god innsats for naturbaserte næringar som m.a. landbruk, reiseliv og marine næringar
- Innsats som fremmar næringsutvikling i bygder og lokalsamfunn
  - Herunder også arbeid for gode næringsmiljø i distrikta
- Og dette skal skje samtidig som vi nyttar naturressursane våre på berekraftig vis

Vestland fylkeskommune

# Fylkeskommunen styrkar innsatsen innan landbruk – nye oppgåver frå 2020

- Midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak
- Aktivt næringsarbeid for å utvikle jordbruk og skogbruk

- Næringsprogram for landbruket
  - Skal gje strategiske retning for næringsarbeidet på landbruksområdet
  - Bidra til auka samarbeid mellom aktørane
  - Samordning av ressursar og virkemiddel

# Vi er i ferd med å forme den nye landbruksinnsatsen

- Samrår oss med sentrale samarbeidspartnarar som
  - Fylkesmannen
  - Innovasjon Norge
  - Faglaga innan jordbruket
- Skal handtere ei ordning for god bruk av utviklingsmidlar
  - På knappe 7 mill kr
- Ansvar for kompetansenettverk for lokalmat
  - 2,4 mill kr
- Arbeid med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket
  - Om lag 2 mill kr
- Og det viktigaste av alt
  - Vere ein aktiv næringsutviklar innan landbruket

Vestland fylkeskommune

# Den nye fylkeskommunen vil ha ei god satsing på reiseliv

- Vi er i ferd med å forme ei satsing på dette området
  - Som ikkje minst er viktig for distrikta
- Vi har engasjert oss i eit framtidsbildeprosjekt
  - Der vi saman med dei andre Vestlandsfylka og Fjord Norge ser på kva reiseliv vi ønskjer i framtida
    - og korleis vi saman skal påvirke utviklinga i rett lei
- Og vi har engasjert oss i å følgje opp ein handlingsplan for cruise
  - Saman med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet

Vestland fylkeskommune

# Kva vil vi oppnå med reiselivssatsinga vår?

- Reiseliv må i større grad bli ei heilårsnæring
  - Grunnlag for heilårs arbeidsplassar
- Styrka verdiskaping
  - Og betre lønssemd som grunnlag for fornying
  - Og «overrislingsverknad» på andre bransjar
- Påvirke til ei utvikling som er betre for klima, natur og miljø
  - Og vil legg til rette for at gjestane våre vert her lenger
- Setje oss i stand til å takle ein framtidig vekst
  - Sikre at vi tek imot dei besøkande på ein god måte
  - Samstundes som vi ivaretek samfunna våre

Vestland fylkeskommune

# Korleis sikrer det optimale samarbeidet strategisk og operasjonelt?

Ei bekymring vil være mangel på samarbeid lokalt og regionalt knytt til verdiskaping og næringsutvikling

Fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle.
Kva rolle skal nye ambisiøse kommunar spele? Kva med strukturen av regionråd? Kva rolle skal næringsforeningane spele? Kva rolle skal sterke næringsklynger spele? Kva med styrking av miljøa rundt Næringshagar og Inkubatorar? Andre?






# Næringshagar og inkubatorar



- Næringshagar: Nordhordland, Gulen og Masfjorden, Voss, Hardanger, Sognefjorden, Stryn, Nordfjordeid, Medvind/Etne. (Odda)



- Inkubatorar: Aksello, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, VIS Innovasjon, Atheno, Industriutvikling Vest

Nye Vestland fylke

vil trenge gode

samarbeidsstrukturar

I alle delregioanen av

det nye fylket

Hardanger Folkeblad

E-avis Skriv innlegg Dødsannonser Annonse



**Ingvald vil inkludera naboar: - Det blir omsett for opp mot 20 milliardar i året**

Vestland
fylkeskommune

# Næringsutviklings organisering
# Ullensvang kommune




Organisasjon for å håndtere markeds potensiale

**Mål rekruttere 500-1000 nye medarbeidere neste 5 år**

Industri/energi **>10% ~ 1 milliard**

Jordbruk/Turisme/Handel/Havbruk **>50% ~ 1 milliard**




Vestland fylkeskommune


INDUSTRI KLYNGENE I HARDANGER
Industri
Subsea
Fornybar
FOU
Nye produkter
Havbruk
System
Industry 4.0
Industriell verdiskapning på 3 nivåer

Vestland fylkeskommune